

SKADER OG FORSIKRING

Rapportering av skade

Blir ein skada i kamp eller på trening, gå umiddelbart til [skademeldingsskjemaet](#) og rapporter inn skaden. Det er viktig å gjere dette så fort som mogleg, slik at skaden blir dokumentert. Også mindre skadar er viktig å dokumentere. Med grundig dokumentasjon vil ein stå sterkare dersom det oppstår seinverknadar av skaden eller eventuelle komplikasjonar under behandling.

Ring Idrettens skadetelefon

Er det noko ein lurer på ved skade kan ein ringe [Idrettens skadetelefon](#). Her kan ein få bistand og rådgiving rundt forsikrings- og skadespørsmål.

Telefonnummer: 02033

Har ein rapportert inn skaden via skjema, blir ein ringt opp av konsulentar.

Skadeforebygging

Les [her](#) om korleis du kan forebygge skadar.

Forsikring

I Noreg er alle barn (0-19 år) som driv aktivitet med idrett i regi av eit registrert idrettslag forsikra gjennom NIF. Fotballspelarar må frå det året dei fyller 13 år registrerast i FIKS. Dette er det klubben sin FIKS-ansvarlege som ordnar. Alle spelrarar må betale medlemskontingenten i Stranda Idrottslag. Dette er nødvendig for at forsikringa skal gjelde.

Utvida forsikring

Sjølv om alle aktive er forsikra gjennom klubben si lagsforsikring så har ein som aktiv ei moglegheit for å teikne ei utvida forsikring. Denne er det opp til spelaren som privatperson å dekkje sjølv.

Les meir om forsikring [her](#).